

Innspel til naturrisikoutvalet

Viser til førespurnad om innspel pr e-post 21.september og leverer med dette vårt perspektiv på kva problemstillingar knytt til naturtap og naturrisiko utvalet bør kjenne til.

DNT sitt mandat

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon har DNT eit stort ansvar for å bidra til å ivareta friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Attraktive turområde og landskap, er grunnlaget for gode naturopplevingar og ein viktig kjelde til god folkehelse for oss og framtidige generasjonar. Naturforvaltning er derfor ein vesentleg del av DNT si kjerneverksemd. DNT sitt arbeid mot tap av natur og nedbygging av viktige natur-, kultur-, og friluftslivsverdiar er forankra både i vår formålsparagraf, og i vår rettleiar for natur, kulturarv og miljø.

Arealbruk og arealbruksendringar er den største kjelda til tap av natur og det DNT jobbar mest med, som omtalt under. Men også klimaendringar påverkar naturmangfaldet og naturfaren i viktige friluftslivsområde. Vi vil derfor adressere begge deler i dette innspelet.

Verdien av friluftsliv, og natur- og friluftslivsområde

Definisjonen på friluftsliv er opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving¹. Naturen er viktig både for den fysiske og psykiske helsa vår, og friluftsliv-deltakarar viser til betre helse og livskvalitet i ein ny rapport frå SSB². Miljødirektoratet viser til at friluftsliv er ein viktig del av det norske folkeharsearbeidet, og inngår i Noregs 24 miljømål. Eit av miljømåla handlar om å ta vare på viktige friluftsområde, legge til rette for bruk, og bidra til at friluftsliv blir meir tilgjengeleg for alle³.

«Det å gå på tur er viktig for folks helse og livskvalitet, og det er et mål for friluftslivspolitikken at alle skal ha mulighet til å drive friluftsliv i nærmiljøet og naturen ellers. For å nå det nasjonale målet om at befolkningen skal utøve friluftsliv jevnlig, kreves god tilgang til turmuligheter og attraktive naturområder»⁴.

Store, samanhengande naturområde med urørt preg har stor verdi for naturmangfold, friluftsliv og landskapsopplevingar. Omsynet til store, samanhengande naturområde er viktig i nasjonal politikk. Slike område er omtalt i fleire meldingar frå regjeringa til Stortinget, og skildra som...;

«... naturområder som i kraft av sin størrelse, urørthet, beliggenhet og sammenheng er viktige for arealkrevende arter, som regional økologisk infrastruktur, for klimatilpasning og friluftsliv.»⁵

Arealbruksendringar og naturtap trugar slike store inngrepstilhøyrande naturområde, nærnatur, og moglegheita til å drive enkelt og tradisjonelt friluftsliv. Dette vil påverke både friluftslivskulturen generelt og den norske folkehelsa.

¹ Meld. St. 18 (2015–2016) *Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet*.

² SSB Rapporter 2023/31: *Friluftsliv i Norge - status og historisk utvikling*.

³ Miljødirektoratet.no https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2023/september-2023/vi-masenke-terskelen-for-a-komme-seg-ut-i-naturen/?fbclid=IwAR2NNYrW6-Mt5VohMygh_sMPbA_oQX2zW13jo30DSJLAXE-P2QSNmowZDbE

⁴ Miljødirektoratet, veileder M-1292/2019: *Plan for friluftslivets ferdselsårer*

⁵ Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet — Norsk handlingsplan for naturmangfold*

Raudlista naturopplevingar

DNT gjennomførte i vår en kampanje saman med WWF Verdens naturfond og Norsk Friluftsliv for å kartlegge kva naturopplevingar folk er redd for å miste som følgje av naturkrise og klimaendringar. Kampanjen fekk inn nær 1500 nominasjonar, som resulterte i ein avstemming med over 16 000 stemmer over følgande ti naturopplevingar der fugleliv og naturlyder er den opplevinga folk flest er mest bekymra for.

1. Fugleliv og naturlydar
2. Frodig flora og yrande dyreliv
3. Urørt natur
4. Levande hav og fjord
5. Nærnatur
6. Kyst og strandsone
7. Gamalskog
8. Hausting på naturens premisser
9. Stillheit og mørke
10. Skigåing, årstider og snørike vintre

Den nye raudlista for truga naturopplevingar viser kor mykje naturen betyr for folk sin livskvalitet og helse, og kva konsekvensar naturtapet kan ha for kultur, identitet og folkehelse. Les meir om kampanjen og sjå forslag til politiske løysingar på [www.verdtaabevare.no](http://verdtaabevare.no)

Risiko for naturtap som følgje av fornybar energiproduksjon.

Som følgje av ein auka fornybarsatsing jobbar DNT særleg med å: **Hindre energiutbygging i intakt og sårbar natur, og redusere negativ verknad på viktige natur- og friluftslivsverdiar frå produksjon og overføring av energi.**

Vi merkar oss at stadig oftare blir klima sett opp mot natur, og at dette blir framstilt som eit dilemma der naturen må vike, til tross for meir forsking og kunnskap om naturkrisa dei siste åra. Dette bekymrar oss då ein slik overdriven motsetning kan koste naturen dyrt, og bidra til å forsterke naturtapet.

Vi anerkjenner at auka fornybarproduksjon er avgjerande for å motverke klimaendringane og omstille samfunnet frå fossil energi. Men den utbyggingstakten dei ulike behovsprognosene legg opp til mot 2040, er i seg sjølv ein trugsel mot naturen.

Vi er i ferd med å bygge ned dei siste restane av urørt natur i Norge. For 100 år sidan var om lag halvparten av landarealet i Norge definert som villmarksprega natur. No er det berre vel 11 prosent igjen. Naturen kring oss forsvinner i eit rasande tempo. Ifølgje Miljødirektoratet er det energianlegg og vegar som er den største forbrukaren av inngrepsfri natur i Norge. To tredjedeler av norske vassdrag er allereie råka av kraftutbygging. Og vindkraftanlegg har lagt beslag på store areal. Rundt 40 prosent av planområda for vindkraftanlegg som er bygd eller gjeve konsesjon har vore inngrepsfri natur.

Energikrisa i Europa og verdas behov for å skifte ut fossil med grøn energi gjer til at presset på naturen aukar dramatisk. Energikommisjonen sin rapport «Mer av alt – raskere» legger opp til å skru opp tempoet på utbygging dramatisk. Om vi følger denne kurSEN kjem nye store område med urørt natur til å gåapt til energiproduksjon og overføringslinjer. DNT meiner at vi må heller satse hardare på energieffektivisering, talfeste nasjonale mål for energisparing, og utarbeide betre (berekriftige) kriterium for å prioritere kva prosjekt som skal få tildelt straum (endre tilknytingsplikta). I tillegg må

ein primært nytte grå areal til ny energiproduksjon og ikkje inngrepsfri natur. Og framfor alt, må verdien av intakte natur-, kultur-, og friluftslivsområde vektast høgare i vurderingar av fordeler og ulemper ved utbygging for storsamfunnet, og naturen må få eit betre rettsvern.

Derfor har DNT saman med dei andre store miljø- og friluftsorganisasjonane tatt til orde for å innføre rettslege kriterium for tidleg avslag og konsesjonstildeling. Det gjeld:

- Verneområde og INON-områder med bufferzoner.
- Store samanhengande område med urørt preg, trua naturtypar, nasjonalt og regionalt viktige friluftslivsområde, og utvalde kulturlandskap.
- IBA-område, viktige leveområde og trekkområde for ansvarsartar, truga og prioriterte artar som blant anna villrein.
- Myr og anna våtmark, torvmark og karbonrik skog.

I tillegg må urfolk som tradisjonelt opererer i områda høyraast, og deira interesser må vektleggast og ivaretakast.

Kriteriesettet er ikkje meint å vere uttømmende, det representerer nokre minimumsomsyn som bør ligge til grunn for «best practice» og helst forankrast juridisk. Det kan føreligge andre omsyn, til blant anna lokalt, eller regionalt viktige tema med meir som tilseier at ein utbygging ikkje er ynskja, men dette vil måtte vurderast i kvar enkelt sak.

Ved at område som innehar desse gitte kriteria er slått fast som uynskte/ueigna for utbygging vil noko av det mest konfliktfylte naturtapet kunna bli unngått. DNT meiner dette vil bidra til både mindre konflikt, raskare plan- og konsesjonsprosessar, og ikkje minst til ivaretaking av verdifull natur i samsvar med naturavtalen.

Styrka vektlegging og rettsvern for naturen

Men naturtapet er og forårsaka av andre typar nedbygging enn fornybar energi, som øvrig infrastruktur, hyttefelt og turismeanlegg. Gjennom den nye naturavtalen har verdas land forplikta seg til å *stoppe og reversere* tapet av natur. Derfor bør innsatsen for å minimere naturtapet vere tverrsektoriell og gjelde alle forvaltningsnivå. Det krev ein enorm omstilling og langt sterke verkemidlar. Naturavtalen må framover legge rammene for ein politikk for naturen som står seg i møte med sterke næringsinteresser, samfunnskriser som ekstremvær, straumkriser og finanskriser.

Tap og øydelegging av natur må setjast tal på i form av **natur- og arealrekneskap** i alle kommunar/utbyggingssaker, og eventuelt gjennom prissetting i samfunnsøkonomiske analyser. Og naturmangfaldslova må praktiserast som tiltenkt. Det må som nemnt innførast eit betre rettsvern for naturen – med skrankar/kriterium for lokalisering og inngrep, samt spesifisering av uakseptable konsekvensar i energilova og plan- og bygningslova, eller i ei eiga **fornybarforskrift**. Vi meiner ei forskift med skrankar for naturinngrep og retningslinjer for sakhandsaming og samordning vil bidra til å skåne viktige natur- kultur-, og friluftslivsområde frå utbygging, samt auke forutsigbarheita i plan- og konsesjonsprosessane. I dei tilfella det blir vedtatt utbygging så må grundige utgreiingar og eit **oppdatert kunnskapsgrunnlag** om mellom anna naturmangfald og friluftsliv ligge til grunn. Blant anna gjennom **uavhengige konsekvensutgreiingar** - dette vil styrke kvaliteten på utgreiingane og tilliten til prosessen og sluttresultatet. I tillegg må ein vere villig til å iverksette **avbøtande tiltak** og velge skånsame alternativ der det er hensiktsmessig, sjølv om det er dyrare.

Utfordringar med naturtap og klimaendringar for friluftslivet

DNT er Norges største friluftslivsorganisasjon med over 300 000 medlemmer. Vi består av 56 medlemsforeiningar med tilknytte lokallag. Desse har ansvar for til saman meir enn 550 hytter, 22.000 km med T-merka stiar og nesten 5000 km kvista løyper. Klimautfordringane som møter det kommersielle, naturbaserte reiselivet, vil i stor grad og medføre betydelege utfordringar for Den Norske Turistforening. DNT er ein frivillig organisasjon med betydeleg aktivitet innanfor fysisk tilrettelegging av friluftsliv, frå merking av enkle stiar til bruprosjekt og hyttevedlikehald. Eit endra klima vil gå direkte inn i denne verksemda.

Auka ferdsel, klimaendringar og naturslitasje

Kombinasjonen av auka ferdsel og eit villare og våtare vêr gjer tilretteleggingsarbeidet for friluftsliv dyrare og meir krevjande. Å beskytte naturen mot slitasje og leie folk langs trygge traséar som toler ferdsel, krev tyngre inngrep enn før – samstundes som søkerads- og dokumentasjonskrava aukar. Reparasjon av bruer i fjellet, klopping av stadig våtare stiar, omlegging av eldre, skredutsatte stiar og remering av ruter og skilt er døme på slike tiltak.

Sikkerheit og naturfarekartlegging

Hyppigare skred- og flaumfare medfører strengare krav til lokalisering og sikring av stiar, både for å unngå erosjon og skade på rutenettet, men også for å unngå ulykker. Søkelys på naturfare og klimatilpassing i arealplanlegginga har ført til at kommunane i større grad enn før er merksame på farar i aktsemdsområde. DNT erfarer at fleire foreiningar og lokallag har fått krav om sårbaranalyser og reel faresonekartlegging i samband med deira rutenett.

Delingshytter og kulturavr

I tillegg til rutenettet er DNT sine ubetente og sjølvbetente hytter og ein viktig del av friluftslivet sin infrastruktur. Desse delingshyttene får et auka vedlikehaldsbehov som følgje av klimaendringar og meir ekstremvêr. Ei av dei største trugslane her er auka førekost av muggsopp og råte samt raskare nedbryting av bygningar som har stått i hundrevis av år gjennom kaldt vintervêr og varmt, tørt sommarvêr. No er det våte periodar heile året, og mange stader er det ikkje lengre samanhengande vinter. Det tærar på historiske bygg og aukar trøngen til vedlikehald. I tillegg er hyttene våre meir utsett for skadedyrangrep med eit endra klima.

For å imøtekome det auka behovet for kompetanse og ressursar som klimatilpassing medfører for friluftslivet og det frivillige arbeidet med å tilrettelegge ruter og vedlikehalde hytter, foreslår DNT at det vert etablert ein tilskotsordning til klimatilpassing av stiar/ruter og delingshytter i form av mellom anna kartlegging, førebyggande arbeid og reparasjonar.

Med helsing

Dag Terje Klarp Solvang
Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Siren Juliussen
Rådgjevar, naturforvalting
Den Norske Turistforening